

Store skog-resssursar kan takast ut

13.07.2012



Terje Natland og Nils Olaf Kyllo i Uskedalen

Berre i Uskedalen kan det stå så mykje som 500 000 kubikkmeter gran og venta på hogst. Det er skogbruksjef Terje Natland som talfestar denne store utfordringa for skogeigarane. Han har no i 3 dagar vore på synfaring av skogområda i Uskedalen, Omvikdalen og Rosendal saman med ein ekspert tilknytta skogforskinga på Ås. Det er Nils Olaf Kyllo frå Stjørdal som er taubanekonsulent for kystsksogbruket.

Dei to har sett på mogelege vegløysingar som er ein føresetnad for å ta ut virket. Dette er resultatet av storstilt planting på 1950- og 1960-talet og no tek skogen til å verta hogstmoden. Skogen er tett - det står mykje på målet. Men kvalitetsmessig er den heilt på topp, understrekar Kyllo.

Ein føresetnad for å få hogsten igang er ikkje minst at skogeigarar som er naboar spelar på lag om vegløysingane. Natland og Kyllo slår fast at vegdekningen varierar i Uskedalen. Den er ikkje därleg på Kjerlandsido og i Hauglandområdet sjølv om det trengs meir vegar også der.

På Døsslandsido er det derimot avgjort trong for meir vegar og det må brukast taubanar for å dekka store areal på begge sidar av dalen som ikkje kan nåast med dagens maskinpark.

Det har likevel vore ein rask utvikling av taubaneteknikken i dei seinare åra, til dømes kombinasjonen av taubane og kvisting på den same grunnmaskinen. No er det utvikla taubaneløysingar som kan dekka det meste, Det er berrre pengar som manglar, påpeikar Kyllo, men han strekar samstundes under at det er økonomi i skogbruket for tida.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Børnes kai ligg gunstig til for skogbruket